

Møteinnkalling

Utval:	Utval for kultur, idrett og regional utvikling
Møtestad:	Håkonsgaten 2, Hotel Scandic Bergen City
Dato:	08.11.2016
Tid:	18:00

Dagsorden møte 8. november

Kl. 17:15 – 18:00	Felles middag for utvalet
Kl. 18:00 – 18:20	Presentasjon Olympiatoppen Vest – Norge v/ Pia Mørk Andersen
Kl. 18:20 -	Saksbehandling

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Utval for kultur, idrett og regional utvikling. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Beate Husa
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 140/16	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 141/16	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 142/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 63/16	Regionalt europapolitisk arbeid - innspill til UD	2016/10180	
RS 64/16	Oversikt over tilsegn frå Handlingsprogram frå næringsutvikling i Hordaland pr. 30.09.2016	2014/10180	
RS 65/16	Seminar om Utstillingsavtalen 29. november	2016/11374	
PS 143/16	Årsbudsjett 2017 / økonomiplan 2017-2020	2016/5571	
PS 144/16	Prosjektet nytt fellesmagasin for musea i Hordaland. Oppnemning av representant til arbeidsgruppa	2016/5105	
PS 145/16	Brannsikring i musea. Omfordeling av midlar	2016/5105	
PS 146/16	Vidareføring av prosjektet "Reisemål i industriens vogge"	2014/11640	
PS 147/16	Tildeling av kunstnarstipend 2016	2016/2047	X
PS 148/16	Tildeling av utviklingsstipend 2016	2016/9134	X
PS 149/16	Ymse		

PS 140/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

PS 141/16 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

PS 142/16 Referatsaker (meldingar)



UTENRIKSDEPARTEMENTET
Att: Fred-Olav Sørensen
Postboks 8114 DEP
0032 OSLO

Dato: 03.10.2016
Vår ref.: 2016/10180-1
Saksbehandlar: camstav
Dykkar ref.:

Regionalt europapolitisk arbeid - innspill til UD

Viser til førespurnad frå Utenriksdepartementet om innspel til rapport om fylkeskommunenes europapolitiske arbeid. Under følgjer Hordaland fylkeskommunes innspel.

Kapittel 2: Sammenstilling av fylkeskommunenes europapolitiske arbeid.

Forslag om å leggje til følgjande punkter i tillegg til listen som er presentert i dokumentet:

Bredden i fylkenes europapolitiske arbeid i dag og rollene dette arbeidet spiller i fylkenes oppgaveløsning.

- Fylkeskommunane har ein klar politisk rolle gjennom verv i internasjonale nettverk og organisasjonar, som gjer ein direkte kanal for påverknad inn i EU-systemet.
- Fylkeskommunanes samfunnsutviklarrolle inneber eit ansvar for heilskapleg utvikling på tvers av fagområder, i tett dialog og samarbeid med eit regionalt partnerskap. I det ligg ein unik moglegheit for å mobilisere til internasjonalt samarbeid.

De enkelte fylkenes valg av innretning på sitt europapolitiske arbeid – hovedprofil og prioriterte områder

Forslag til følgjande tekst om Hordaland:

2.2.3 Hordaland – hovedprofil og prioriterte områder

Internasjonalt arbeid skal vere ein integrert del av Hordaland fylkeskommune sin innsats for å utvikle hordalandssamfunnet. Arbeidet skal vere knytt til fylkeskommunen sine oppgåver – kultur, samferdsel, regional utvikling, opplæring og helse.

Hordaland fylkeskommune skal og bidra i internasjonalt samarbeid på regionalt nivå for å løyse globale utfordringar, til dømes utfordringar knytt til klima, transport, demografiske endringar og sosial inkludering.

Hordaland fylkeskommune skal ha eit aktivt samarbeid med sentrale aktørar i det internasjonale arbeidet; kommunane, kompetanseinstitusjonane og næringslivet, samt institusjonar og organisasjonar.

Det internasjonale arbeidet skal bidra til:

- A. Ei berekraftig utvikling av Hordaland som ein attraktiv og konkurransedyktig region.
- B. At ungdom får internasjonal kompetanse, erfaring og medansvar

Strategisk bruk av internasjonalt samarbeid for å løse regionale utfordringar

I Hordaland er internasjonalt prosjektsamarbeid eit strategisk verktøy for regional utvikling. Med utgangspunkt i vedtekne planar og strategiar har fylkesrådmannen definert eit sett med fagområde/problemstillingar som fagleg sett er spesielt relevante å løfte inn i eit internasjonalt prosjektsamarbeid og som vil kunne gi gode effektar for hordalandssamfunnet og betre måloppnåing for Hordaland fylkeskommune. Hordaland deltok i 10 Interreg-prosjekt i førre periode og var «lead partner» i fem av dei. Interreg prosjekt kor Hfk har delteke eller hatt lead beneficiary status reflekterer til ein heilskapleg og langsiktig strategisk tenking for eksempel under Interreg Nordsjøprogrammet IVB «Clean North Sea Shipping» og «Care North+» og under Interreg IVC «EcoRegions»

Gevinsten i å delta på denne arenaen ligg på fleire plan. For det første gir det høve til å samarbeide med aktørar i andre regionar i Europa som har dei same utfordringane som vi har og som bidrar med sin kompetanse, erfaringar og perspektiv. Deltaking i samarbeidsprosjekt er ein måte å få sett i gang regionale utviklingsprosessar på og til å få auka kunnskap om modellar og metodar for korleis ein kan løyse regionale utfordringar. Samtidig bidrar internasjonale prosjektmidlar til å finansiere regionalt utviklingsarbeid.

Eit suksesskriterium i Hordaland har vore forankring internt, både administrativt og politisk, i tillegg til evna til å jobbe med problemstillingar på tvers av seksjonar og avdelingar. Prosjektet Care North + hadde som føremål å utvikle ei ny tilnærming til urban og regional transport og tilgjengelegheit i Nordsjøregionen som tek omsyn til klima og minkande oljeressursar. Internt i fylkeskommunen var oppfølging av prosjektet gjennomført i samarbeid mellom regionalavdelinga og samferdselsavdelinga. Større regioner med fleire oppgåver gir moglegheit til å maksimere nytten av denne arbeidsforma.

Påverke rammevilkår for Hordalandssamfunnet

Hordaland fylkeskommune er ein aktiv deltakar i CPMR og Nordsjøkommisjonen. Nordsjøkommisjonen gjer det mogleg for fylkeskommunar frå ikkje- medlemslandet Noreg til å vere med å påverke den europeiske dagsorden. I perioden 2012-2014 var Tom-Christer Nilsen vise-president i Nordsjøkommisjonen. Han vart valt til president i 2014, og Hordaland stilte då sekretariat i hans toårige valperiode. Det å ha president og sekretariat i ein internasjonal organisasjon gjer moglegheit til å setje agenda, det gjer ein kanal direkte inn i EU-systemet samt tilgang til nettverk og ein informasjonsflyt som norske fylker vanlegvis ikkje har. Som president

sette Tom-Christer Nilsen North Sea Grid og regionenes rolle i kraftutveksling på agendaen i Nordsjøkommisjonen. Eit politisk engasjement, forankring i organisasjonen og oppfølging frå sekretariatet resulterte i fleire invitasjonar til Europaparlamentet og til eit eige møte med Maros Sefkovic, EU Kommisjonens vise-president med ansvar for EU sin Energy Union. Internt i fylkeskommunen har ein sett ei auka forståing for ei regional rolle i kraftutveksling med Europa, og det har vore lagt fram høringsutsegn og sakar til Fylkesutval og Vestlandsrådet.

I tillegg til internasjonale organisasjonar og nettverk er Hordaland fylkeskommune en aktiv partnar i Vest-Norges Brusselkontor (VNB). VNB er Vestlandet sitt talerør og lyttepost inn mot EU-systemet i Brussel.

Mobilisere sentrale aktørar i Hordaland til å delta i internasjonale aktivitetar

Som regional utviklingsaktør vil Hordaland fylkeskommune også trekkje aktivt inn andre aktørar i Hordaland i det internasjonale arbeidet. Dette gjeld spesielt kommunane, kulturinstitusjonane og næringslivet. I tillegg til å ta dei med i prosjekt der vi sjølv er med, mobiliserer vi og gir råd i høve til andre prosjekt og aktivitetar som er viktige for utviklinga av hordalandssamfunnet.

Internasjonalt samarbeid er ein måte å byggje kunnskap på i regionen. Dette vil først og fremst vere praksisbasert kunnskap med fokus på «best practice» i andre regionar for å lære om eller i fellesskap finne fram til nye metodar, løysingar og framgangsmåtar. For å vere førebudd på framtida har Hordaland fylkeskommune lagt dei viktigaste verkemidla og oppgåvene knytt til kunnskapsutvikling i éin seksjon; Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse. Oppgåver knytt til forvaltning av regionalt forskingsfond, nettverksarbeid i høve Horisont 2020, oppfølging av regional forskingsstrategi, internasjonalt samarbeid og eigen produksjon av statistikk, kart og analyse er lagt til ein og same seksjon. Fordelen med dette er at ein kan trekkje vekslar på kvarandre sitt nettverk, arbeidsmetodar og komp kompetanse når det gjeld mobilisering til auka bruk av dei ulike programma og verkemidlane og ikkje minst når det gjeld formidling og bruk av den kunnskapen som blir generert.

Auke den internasjonale og faglege kompetansen

Vest-Norges Brusselkontor er ein viktig ressurs for å auke kompetansen på EU/EØS-spørsmål og har i tillegg eit stort europeisk nettverk. Brusselkontoret er mellom anna ei viktig samarbeidspartnar i samband med European Week for Cities and Regions, både som tilrettelegging for delegasjonar frå Vestlandfylka og som arrangør av seminar og workshops.

Hordaland fylkeskommune har formalisert samarbeid med fire europeiske regionar (Orknøyane (UK), Cardiff (UK), Nedre-Normandie (FR) og Kaunas (LT)), i tillegg til ein avtale om næringsssamarbeid med Thüringen (DE). Fylkeskommunen har og ein intensjonsavtale med regionen Espirito Santo i Brasil. Samarbeidsregionene er gode arenaer for erfaringsutveksling blant anna innan kulturfeltet og rundt arbeidsmetodar for næringsutvikling. Etablerte samarbeidsstrukturer med nemnte regioner har gjort det betydelig enklare å etablere såkalla «Hordalandsklasser». Hordalandsklassane er ikkje eigne klassar, men eit tilbod om å ta heile andre året i vidaregåande skole ved ein skole som Hordaland fylkeskommune samarbeider med.

Større elevgrupper kan bli fordelt på fleire skolar i same by/region for å lette integreringa. Tilbodet finst i dag både for elevar på yrkesfagleg og studiespesialisierende program.

EU-programmet Erasmus+ gir støtte til mange ulike typar prosjekt, men Hordaland fylkeskommune nyttar seg hovudsakleg av mobilitetsprosjekt; kortare opphald for læring og erfaringsutveksling i Europa. Det betyr at fylkeskommunen søkjer om midlar til å kunne sende yrkesfagelevar, lærlingar og tilsette ved utdannings- og opplæringsinstitusjonar på praksisopphald i Europa. I førre programperiode bygde Hordaland fylkeskommune opp system og rutinar for å søkje på midlar utvekslingsopphald slik at ein på slutten av perioden klarte å hente ut om lag 1,9 mill NOK til utveksling av elevar, lærlingar og tilsette. Arbeidet skjer i tett samarbeid med både SIU og skulane/opplæringskontora. Mobilitetsstipend for tilsette i fylkeskommunen og i kommunane eller andre samarbeidsaktørar, vert nytta til erfaringsutveksling og studie av best practise, med tanke på sektorsamarbeid for betre utdanningstilbod i fylket. Tilretteleggjerrolla i tillegg til oppfølging, erfaring og eit stort internasjonalt nettverk er suksesskriterier som gjer av vi saman lykkast i å gi elevar og lærlingar internasjonale praksisopphald.

Kapittel 3: Eksempler på europapolitisk arbeid som gir gode resultater.

Tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid for god kompetanseutvikling

Hordaland fylkeskommune brukar EU-programmet «Erasmus+ mobilitet for tilsette» (tidlegare LLP) i stort omfang som verkemiddel der vi koplar ulike nøkkelaktørar til tverrfaglig og tverrsektorielt samarbeid for god samfunnsutvikling. Vi mobiliserer til deltaking og utviklar prosjekt saman med tilsette i ulike verksemdar, bedrifter, opplæringsorganisasjonar, nettverksorganisasjonar, kompetansearenaer, kommunar mm. for å auke kompetansen tilpassa arbeidsmarknaden sine behov. Fylkeskommunen skriv søknad og gir støtte i gjennomførings- og implementeringsprosessen. Desse prosjekta styrkar og regionalt samarbeid og er springbrett til vidare internasjonalt samarbeid. Døme på tema: Omstilling?, rekruttering til marine fag, innovasjon og utvikling i kommunehelsetenesta, biblioteket som arena for språkleg og sosial integrering, ny matfagleg kompetanse/næring, ny bruk av avfall frå industrien mm. Vi brukar og mobilitetsprosjekt til å støtte utvikling av nye kompetansesentre, som t.d. «Kompetansesenter for CNC og robot», «Nasjonal smedfagline» og «Odda vitensenter». Erfaringar frå desse prosessane vil bli trekt vekslar på i utarbeidinga av handlingsplanen til Regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

Sosial inkludering i lokalsamfunnet

Hordaland fylkeskommune støtter kommunar i deira arbeid for inkludering av ungdom i samfunnet. Erasmus+: Aktiv Ungdom programmet kan bidra med både midlar, metodar og nettverk innanfor arbeid for inkludering. Fylkeskommunen informerer om moglegheiter i

programmet, hjelper kommunar i søknadsprosesser og noen gangar er vi sjølv prosjektkoordinator der vi ser at prosjektet støttar opp under ein fylkeskommunal satsing.

Tiltak mot fråfall

Hordaland fylkeskommune tilbyr skreddarsydde prosjekt til ungdommar som har falt ut av vidaregåande opplæring. Gjennom Europeisk volontørtjeneste (EVS) får ungdommar moglegheit til å jobbe som frivillig i utlandet. Som europeisk volontør får ungdom anledning til å tileigne seg arbeidspraksis og interkulturell kompetanse, i tillegg til personlig utvikling. Prosjektet avsluttast med eit EU-vitnemål: Youthpass. Vi samarbeider både med OT/PPT tjeneste, kommuner og Røde Kors om dette tilbudet.

Strategisk arbeid i tematiske grupper i Nordsjøkommisjonen

Hordaland har hatt eit system for møtepunkt for politikarar og administrative støttepersonar involvert i dei tematiske gruppene i Nordsjøkommisjonen, koordinert av internasjonal gruppe. Arbeidet vart intensivert i perioden Hordaland hadde sekretariatet i Nordsjøkommisjonen, frå 2014 til 2016. 2-3 møter i året gjer internasjonal gruppe anledning til å orientere om pågåande prosesser, det er rom for å diskutere arbeidsform, samt legge strategiar for strategisk bruk av dei tematiske gruppene. Systemet vert vidareført uavhengig om Hordaland har sekretariat i Nordsjøkommisjonen.

Nasjonalt kontaktpunkt Interreg

Hordaland fylkeskommune fekk vervet som nasjonalt kontaktpunkt for Nordsjøprogrammet etter innstilling frå Vestlandsrådet og den operative funksjonen er gitt til seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse. Nasjonalt kontaktpunkt har ansvar for oppgåvene knytt opp mot nasjonal representasjon for programmet. Hovudoppgåvene er blant anna å yte informasjons- og rådgivingstenester overfor potensielle prosjektsøklarar i Noreg, delta i styringskomitéen for programmet der prosjektsøknadene vert handsama og delta i ein nasjonal referansegruppe leia av KMD. Representanten deltek og i Vestlandsrådet si internasjonale gruppe. Hordaland har hatt høve til å bygge opp ein betydelig kompetanse i politikk område av betydning for Interreg og Nordsjøområde i tillegg til ein spesialisering og kompetanse om prosjektsamarbeid og nettverk rundt Nordsjøen. Dette gjer at Hordaland har god innsikt i korleis prosjektarbeid nyttast og drivast.

Kva betyr EUs energunion for Vestlandet?

Ved å ha president og sekretariat i Nordsjøkommisjonen i to år har Hordaland fått eit nettverk og auka kunnskap om EU-prosessar og einskilde politikkområde. Det gjeld særleg energifeltet og kraftutveksling mellom land. Det har ført til tettare kopling mellom regional politikk og EU-politikk på dette feltet. Auka kunnskap gjorde det mogleg å legge fram ein sak for Vestlandsrådet om EUs energunion og kva det betyr for Vestlandet like etter strategien vart presentert i EU. Det har

direkte ført til ein energikartlegging av Vestlandsfylka, og det arbeidast vidare med ein meir djuptgåande analyse og posisjonering internasjonalt.

Clean North Sea Shipping – vidareføring og resultat

CNSS prosjektet involverte mange ulike organisasjonar frå forskning, policy, havnedrift og privat sektor. Denne tverrfaglige samansetting var eit av suksesskriteriene for prosjektet. Samarbeidet med private aktørar som Gasnor og DNV/GL var særskilt verdifullt på grunn av den faglige tyngda disse brakte inn i prosjektet. Dette omfattar emner som risiko analyse, LNG bunkring, luftutslipp fra

skip, men også andre emner. Denne kunnskapen er en viktig del av plattformen for utvikling av en miljøsertifisering i Bergen og Omland Havnevesen (BOH). Dokumentasjon, rapporter og resultater fra prosjektet er publisert på websiden www.cnss.no. Her finst også informasjon om oppfølgingsprosjektet CNSS-IDI som videreførte resultater og utviklet 3 modeller for utslipp fra skip. Som ein oppfølging av CNSS prosjektet ble prosjektlederen for CNSS engasjert av Bergen og Omland

Havnevesen for å jobbe med miljøutvikling innenfor havnen. Arbeidet var delfinansiert av Fylkeskommunen og Bergen kommune. Arbeidet har fokusert på 3 emner, - miljødifferensierte havneavgifter, luftkvalitet og miljøplanlegging.

Arbeidet med miljøplanlegging har spesielt glede av nettverket av havner og andre aktører som deltok i CNSS. En jobber med tilsvarende problemstillinger i de fleste havner, og CNSS nettverket har

vært meget nyttig for å samle slike erfaringer. Miljødifferensierte avgifter ble innført i Bergen havnedistrikt fra 1/1-2016. Tilrådingen om innføring av avgiften bygger på erfaringer fra CNSS prosjektet og erfaringer fra partnere i CNSS som allerede har innført slik rabattordning (Oslo, Antwerpen, Göteborg). Eit av resultatata i CNSS var estimeringsfunksjoner for luftutslipp fra skip i havn. Disse nyttast i dag for å lage utslippsregnskap for skip i Bergen havn. Eit tiltak som hadde spesielt fokus i CNSS var innføring av landstraum. BOHs bygging av landstraumsanlegg for offshore fartøy er tett koblet til deltakelsen i CNSS prosjektet. Erfaringene fra prosjektet legger også grunnlag for vidare satsing på landstraum. BOH har på bakgrunn av erfaringene fra CNSS valgt å gå vidare med internasjonalt samarbeid som partner i Interreg/Baltic Sea Region prosjektet Green Cruise Port. Dette starter i mai 2016 og dreier seg om berekraftig utvikling av cruisehavner. Arbeidet vil dra veksler på tidligare erfaringar frå Interreg samarbeid.

MOBILISERING TIL Horisont 2020

Hordaland fylkeskommune, Innovasjon Norge, Universitetet i Bergen, Forskningsrådet Hordaland, Høgskolen i Bergen og no også Bergen kommune har gått saman i ei regional mobiliserings- og koordineringsgruppe for Horisont 2020. Gruppa blir leia av HFK.

Gruppa har arbeidd sidan hausten 2015, og har som målsetnad å arbeide med slike oppgåver:

- Følgje med på utlysingane frå H2020 og vurdere relevans for aktørar frå Hordaland med utgangspunkt i Regional forskingsstrategi og forskingsbehov som deltakarane er kjende med
- Vurdere om og korleis næringsklyngene kan kopløst på

- Ta initiativ til «workshops» med utgangspunkt i ei eller fleire utlysingar. Ansvaret for gjennomføring av workshop blir lagt til det medlemmet som har størst eigarskap til temaet i utlysinga eller ein konkret prosjektidé.
- Vurdere behov for oppfølging etter ein workshop – t.d. søknadsskriving, PES-midlar, andre EU-program
- Arrangere seminar/konferansar til ei større målgruppe etter behov
- Lage oversikt over kor aktørane kan få hjelp i ulike delar av prosjektutviklingsfasen
- Halde tett kontakt med NCP for H2020 i Forskingsrådet

Hausten 2016 er det oppretta eit prosjekt i regi av mobiliserings- og koordineringsgruppa. Prosjektet har Bergen Teknologioverføring som prosjektleiar og Hordaland fylkeskommune som prosjektansvarleg. Mobiliseringsgruppe er styringsgruppe. Prosjektet er i gang, og arbeider med desse oppgåvene:

- Eit breitt oversyn over relevante aktørar i Hordaland som alt er, eller som har potensiale for å bli deltakar i eit samarbeide om søknader inn mot Horisont 2020. Oversynet skal inkludere aktørane si interesse og pågåande initiativ innan definerte tema og problemstillingar.
- To workshops med inviterte relevante aktørar, der ein kan bygge regionale partnerskap for å utvikle nye søknader eller forsterke allereie pågåande søknadsarbeide inn mot Horisont 2020 – alternativt potensial for nettverksinitiativ inn mot andre av EU sine rammeprogram og den europeiske COST-ordninga mellom forskingsmiljø, næringsliv og offentlig sektor i regionen og deira internasjonale samarbeidspartnarar knytt til en tematisk utfordring som er relevant for regionen.
- Etablere minst eitt nytt partnerskap eller eit styrka eksisterande partnerskap med potensial for vellukka søknad inn mot H2020/EU sine rammeprogram.
- Framlegg til arbeidsmetode og vidare arbeidsoppgåver for å styrke satsinga innan Horisont 2020/EU sine rammeprogram i Hordaland.

Prosjektet har som vidare mål i bidra til innovasjon i deltakande bedrifter og opne opp nye marknadsområde, som vil vere grunnlag for verdiskaping og nye arbeidsplassar i Hordaland.

Kapittel 6: Hvordan kan det europapolitiske arbeidet styrke fylkeskommunenes oppgaveløsning – forslag til videre oppfølging.

- Større regioner vil ha ein storleik og tyngde med større føresetnad for å påvirke EUs politikk. Regionar med større nedslagsfelt og fleire oppgåver vil også vere meir attraktive og interessante som partnarar i samarbeidsprosjekt.
- Nye og større regioner vil vere naturlege deltakarar i Europapolitisk forum. Det vil sikre at alle relevante parter er representert og auke informasjonsflyt internt. Det er i dag krevjande å representere fleire fylker då ein manglar ein overbygning for å sikre god informasjonsflyt. Nye regionar må byggje opp strukturar på alle felt for å sikre god kompetansebygging og god flyt av informasjon. Færre og sterkare regionar vil også vere eit betre utgangspunkt for å sikre betre samspel mellom nasjonalt og regionalt nivå, også på det internasjonale feltet.

- Sentrale mynde kan støtte opp om regionenes internasjonale arbeid ved å opprettholde bevilgning til Interreg på dagens nivå
- Tydeleggjere nytt regionalt nivå's ansvar for å mobilisere til deltaking i EU program. Nye regionar kan i større grad forvalte midlar. Det er samstundes naudsynt å setje av regionale midlar til prosjektutvikling/søknadsskriving. Mange initiativ og prosjektidear stoppar opp fordi det ikkje er midlar til tidleg-fase prosjektutvikling regionalt.
- Noreg/norske aktørar hentar ikkje ut nok EU- midlar i forhold til det vi betaler inn for å få delta i EU-programma. I Stortingsmeldinga bør nytt regionalt nivå's tilleggast ansvar for å mobilisere til regional deltaking i EU program. Regionanes styrke i å jobbe tverrsektorielt og tverrfaglig, samt samfunnsutviklerrollen som bidrar til å mobilisere regionale aktører, bør og understreka. Nye regionar kan i større grad forvalte midlar.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Camilla Løvaas Stavnes
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

NotatDato: 03.10.2016
Arkivsak: 2014/10180-13
Saksbehandlar: tonnils1

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oversikt over tilsegn frå Handlingsprogram frå næringsutvikling i Hordaland pr. 30.09.2016

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN) er styrande for bruken av næringsretta utviklingsmidlar i Hordaland, og gir føringar for andre offentlege etatar sitt utviklingsarbeid i fylket. *Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017*, er det overordna styringsdokumentet for handlingsprogrammet.

Handlingsprogrammet for 2016 er utarbeidd med støtte frå ei ressursgruppe sett saman av representantar frå partnerskapen og Hordaland fylkeskommune. Regionalt næringsforum (RNF) har vore styringsgruppe og gjeve tilråding til fylkesutvalet før endeleg godkjenning. Handlingsprogrammet vart vedteke i fylkesutvalet 25.februar 2016.

Prosjekt og tiltak som skal finansierast vil bli vurdert i lys av prioriteringane og føringane i handlingsprogrammet.

Prosjekta som er med i denne oversikta har fått tildelt midlar frå budsjettpost B i HNN, som gjeld *Tilrettelegging for næringsutvikling, inkludert øyremerkte midlar*. Dette er delvis søkbare midlar kor søknadane blir handsama administrativt. Rapporteringa er i samsvar med budsjettinndelinga under post B i HNN budsjettet:

- B-1:Hovedstrategi 1: Meir entreprenørskap og innovasjon
- B-2: Hovedstrategi 2: Relevant kompetanse
- B-3: Hovedstrategi 3: Sentral vekst og attraktive regionsenter
- B-4: Bransjeretta tiltak
- B-5: Klimaretta tiltak
- B-6: Øyremerkte midlar til program
- B-7: Øyremerkte til samarbeidsaktørar

Denne oversikten med informasjon om prosjekt som får støtte frå budsjettpost B i HNN, blir gitt som orienteringssak og inneheld:

- Tabell med oversikt over alle tilsegn løyvd sidan førre oversikt.
- Tabell med samla tal for 2016 fordelt i tråd med inndelinga over.
- Kommentrar
- Vedlegg med kort presentasjon av dei prosjekta som har fått tilsegn i siste periode.

Siste oversikt vart gjeve til fylkesutvalsmøtet 25.08.2016 med ei oversikt fram til 30.06.2016.
Denne oversikta syner utviklinga frå 01.07.2016 til 30.09.2016.

Prosjekt handsama i perioden 01.Juli til 30.September 2016:

Tilsegnsnr	Prosjektnamn	Tilskotsmottakar	Innsatsområde	Prosjekt-kostnad	Tilsegnsum
102-2016	Hovedsøknad- Ehelseløsninger: Innovasjonstrakten	Design Region Bergen	B-1: Meir entreprenør-skap og innovasjon	2 745 000	400 000
104-2016	FRUKTSMÅK- smakskomponentar i friske og foredla product av norsk frukt og bær	NIBIO Ullensvang	B-1: Meir entreprenør-skap og innovasjon	10 140 000	1 200 000
105-2016	Pilot på forsterket satsing på GEW	Bergen Teknologioverføring	B-1: Meir entreprenør-skap og innovasjon	930 000	200 000
088-2016	Forsterka satsing på Horisont 2020 i Hordaland	Hordaland fylkeskommune, seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse	B-1: Meir entreprenør-skap og innovasjon	400 000	200 000
095-2016	Kvinner i Kuling	Stiftelsen Maritimt Forum i Bergensregionen	B-2: Relevant kompetanse	120 000	40 000
087-2016	Planlegging og ggjennomføring av HUSS-konf 16	Høgskolen i Bergen	B-2: Relevant kompetanse	1 999 000	75 000
089-2016	Forprosjekt Utdanningsval	Nordhordland Handverk- og Industrilag	B-2: Relevant kompetanse	100 000	50 000
093-2016	Hardangerkonferansen 2016	Hardangerrådet IKS	B-3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	213 000	100 000
098-2016	Landsbyborg og sjøfront på Jondal ferjekai	Jondal kommune	B-3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	2 815 000	700 000
079-2016	Utviklingsprogram for Husnes som regionsenter	Kvinnherad kommune	B-3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	500 000	200 000
094-2016	Ny struktur i mediefondet Zefyr AS	Mediefondet Zefyr AS	B-4: Bransjeretta tiltak	14 112 005	600 000
100-2016	Studietur Unesco Creativ City of Gastromi	Næringsshagen i Hardanger	B-4: Bransjeretta tiltak	35 000	35 000
097-2016	Oppfølging av Melding om kystogbruket 2016- 2020	Nord-Trøndelag fylkeskommune, Kystskogbruket	B-4: Bransjeretta tiltak	6 000 000	600 000
Totalt	13 tilsegn			41 604 348	4 400 000

Totalt antal tilsegn fordelt på innsatsområde 2016:

	Innsatsområde	Tal tilsegn	Prosjektkostnader	Støttebeløp
B-1:	Hovedstrategi 1: Meir entreprenørskap og innovasjon	17	27 327 700	4 708 880
B-2:	Hovedstrategi 2: Relevant kompetanse	12	15 298 116	2 143 500
B-3:	Hovedstrategi 3: Sentral vekst og attraktive regionsenter	4	3 741 000	1 100 000
B-4:	Bransjeretta tiltak	14	29 445 505	2 710 000
B-5:	Klimaretta tiltak	0		
B-6:	Øyremerkte midlar til program	1	3 233 400	850 000
B-7:	Øyremerkte midlar til samarbeidsaktørar	6	24 690 500	2 440 000
D:	Omstilling 2016	5	4 083 000	2 858 000
C:	Regionale næringsfond	3		4 000 000
	Totalt:	61	107 819 221	20 810 380

Kommentar:

Det er i perioden gjeve tilsegn til totalt 13 prosjekt og tiltak med ei samla kostnadsramme på om lag 40 mill. kr. Vår finansieringsdel er ca 11%.

Som det går fram av opplysingane om dei einiskilde tiltaka er det store variasjonar i fylkeskommunen sin finansieringsdel. For nokre av prosjekta er me inne med ein finansieringsdel på 50%, medan i andre prosjekt er vår finansieringsdel svært låg. Dette syner at sjølv med relativt låge finansieringsdelar utløyser me til dels store prosjekt og tiltak.

I tildelinga til Mediefondet Zefyr AS, er dei totale prosjektkostnadane særleg høge, då dette no er eit spleiselag med seks andre fylker, fleire kommunar og Kulturdepartementet.

Tilsegna i tredje kvartal er jamt over tildelt frå B1, B2, B3 og B4. Det er sett i verk ei ekstra satsing for å få mobilisert fleire prosjekt innan Hovudstrategi 3: Sentral vekst og attraktive regionsenter.

Midlar frå B-5 «Klimaretta tiltak» har vore utlyst og vert handsama og tildelt i fjerde kvartal.

Hovedsøknad - Ehelseløsninger: Innovasjonstrakten

Tilsegn-102-2016

DesignArena vil bidra til utvikling av flere gode innovasjonsprosjekter ved å tilby praktisk og teoretisk kunnskap om et metodeverktøy for tverrfaglig og empatisk gjennomføring: Design Thinking.

Ved å gjennomføre en pilot av det vi kaller "Innovasjonstrakten", vil vi gjennom utprøving og erfaring hente kunnskap om hvordan spesifikke bransjer og sektorer best kan anvende metodikken for å møte sine innovasjonsutfordringer på en helhetlig, brukersentrisk og kommunikativ måte. Metodikken er like relevant for entrepenører som intrapenører.

Totale prosjektkostnader: kr 2 745 000

Finansieringsplan for prosjektet:

BTO (lønnskostnader):	kr 700 000
DesignArena (lønnskostnader):	kr 180 000
DesignArena kontant:	kr 110 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 400 000
Privat finansiering (timer):	kr 1 355 000

Prosjektstart: 05.09.2016.

Prosjektslutt: 31.12.2017.

Prosjekteigar:

Design Region Bergen

Prosjektleder:

Torhild Eide Torgersen, torhild@drb.no

Sakshandsamar:

Kari Patricia Kleppe,
tlf. 55239568, epost: kari.patricia.kleppe@hfk.no

Samandrag:

Ved å gjennomføre piloten fra perioden høsten 2016 ut 2017 kan dette bidra til at DesignArena tar en posisjon som akselerator i innovasjonssystemet, og i tillegg posisjonerer klyngen for et NCE.

Vi ønsker å skape bevis for at vi virkelig bidrar til å utvikle en sterk og bærekraftig innovasjonskultur i vår region, ved å arbeide for og sammen med andre bransjer og sektorer. Ved å demonstrere denne effekten, vil det skapes betalingsvilje for Innovasjonstrakten, og i fremtiden er målet at behovseier selv vil bekoste gjennomføringen. Det er imidlertid behov for støtte i en utprøvningsfase.

Piloten utfyller DT-utdanningen, og sørger for at flere får dra nytte av verdifull kompetanse som vår region nå besitter. Piloten består av to komprimerte forløp på konkrete problemstillinger for å hente erfaring, og deretter et lengre forløp på en overordnet innovasjonsutfordring ("Innovasjonstrakten").

Tilsegnsdato: 21.09.2016

For admin (skal ikke slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)

Budsjett: B-1: HNH Entreprenørskap og innovasjon 2016

Innsatsområde: 1.4 B-1: Nettverk og klynger

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

FRUKTSMÅK - smaks Komponentar i friske og foredla produkt av norsk frukt og bær

Tilsegn-104-2016

Den norske frukt- og bærindustrien fokuserer på aroma og smak av norskproduserte varer i si satsing og marknadsføring. Likevel finst det lite kunnskap om innhaldsstoff og smak i norske frukt og bær, og mogeleg ny bruk av norske produkt basert på smak.

Totale prosjektkostnader: kr 10 140 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Hordaland fylkeskommune:	kr 1 200 000
Internasjonal finansiering:	kr 300 000
Noregs forskingsråd:	kr 7 800 000
Privat finansiering:	kr 840 000

Prosjektstart: 01.01.2017.

Prosjektstutt: 31.12.2019.

Prosjekteigar:

NIBIO Ullensvang

Prosjektleiar:

Eivind Vangdal, eivind.vangdal@nibio.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,

tlf. -, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Den norske frukt- og bærindustrien fokuserer på aroma og smak av norskproduserte varer i si satsing og marknadsføring. Likevel finst det lite kunnskap om innhaldsstoff og smak i norske frukt og bær, og mogeleg ny bruk av norske produkt basert på smak. For å utvikle den norske sider- og juiceproduksjonen trengst ein deskriptiv sensorisk analyse av drikke basert på norske produkt. Det er trong for norsk måte å skildre smak av drikke. Vidare er det trong for identifisering av smaksprofilar på eplesortar og andre frukt og bærartar som er interessante for juice og siderprodusentar. Effekten av å tilføre frukt, bær, grønnsaker og urter til drikke bør også undersøkjast.

NIBIO Ullensvang og fagavdeling for frukt og grønt manglar i dag den kunnskapen om sensorikk og smak som produsentane treng for å vidareutvikle sin drikkeindustri. Dette prosjektet vil bidra til at slik kunnskap vert etablert i Hardanger, det viktigaste fruktdistriktet i Noreg.

Meir detaljert skildring av bakgrunn er skrive i vedlagde prosjektskiltring på engelsk.

Tilsegnsdato: 07.09.2016

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)

Budsjett: B-1: HNH Entreprenørskap og innovasjon 2016

Innsatsområde: 1.2 B-1: Tilretteleggjande tiltak for etablerarar

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Pilot på forsterket satsing på GEW

Tilsegn-105-2016

Forprosjektet er eit samarbeid med fleire aktørar, som arbeid med entreprenørskap og innovasjon i Hordaland, samstundes med at potensialet vert betre utnytta.

Totale prosjektkostnader: kr 930 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Bergen Kommune:	kr 80 000
BRB:	kr 100 000
BTO:	kr 200 000
DnB:	kr 150 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 200 000
Innovasjon Norge:	kr 200 000

Prosjektstart: 01.04.2016.

Prosjektslutt: 31.12.2016.

Prosjekteigar:

Bergen Teknologioverføring

Prosjektleder:

Anders Haugland, anders.haugland@bergento.no

Sakshandsamar:

Jon Erik Vollan,
tlf. 55 23 94 22, epost: Jon.Erik.Vollan@hfk.no

Samandrag:

Nyskappingsaktørene i Bergensregionen har de siste årene samlet seg for å rette ett sterkere søkelys og øke aktivitetsnivå på alle de gode initiativene som tas av aktørene hver for seg. Konkret har man samlet seg om å lage en uke full av innovasjons, nyskappings og entreprenør arrangement – GEW uken Bergen – eller Global Entrepreneurship Week Bergen. Målet er å vise frem det omfattende miljøet som eksisterer i regionens økosystem for nyskaping - for potensielle nye deltakere og for samfunnet for øvrig. Det skal inspirere flere til å forsøke å realisere drømmen om å skape noe nytt, og det skal skape ett dynamisk og kraftfullt nettverk som øker sannsynligheten for at de skal lykkes – og således bidra til vekst og omstilling. Global Entrepreneurship Week Bergen GEW er et internasjonalt konsept, hvor man kan hente læring og inspirasjon ifra. I Norge har man flere lignede initiativ, men det sterkeste og mest vellykkede er Oslo Innovation Week (OIW). GEW blir i hovedsak organisert som en dugnad mellom de ulike aktørene i regionens økosystem for nyskaping, med en mindre felles ressurspool til felles markedsføring og felles arrangement.

Finansieringen av denne fellesaktiviteten har blitt løst gjennom bidrag fra noen aktører, og på noen ildsjelers ubetalte innsats.

Tilsegsdato: 16.09.2016

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-1: (FUV 2016) Meir entreprenørskap og innovasjon

Innsatsområde: 1.2 B-1: Tilretteleggjande tiltak for etablerarar

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

FORSTERKA SATSING PÅ HORISONT 2020 i HORDALAND!

Tilsegn-088-2016

Sidan hausten 2015 har det vore eit samarbeide mellom Universitetet i Bergen Noregs forskingsråd, Innovasjon Norge og Hordaland fylkeskommune med føremål å styrke det regionale arbeidet med mobilisering til Horisont 2020.

Totale prosjektkostnader: kr 400 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Egeninnsats partnere:	kr 180 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 200 000
Seksjon Forsking,internasjonalisering:	kr 20 000

Prosjektstart: 01.08.2016.

Prosjektslutt: 28.02.2017.

Prosjekteigar:

Hordaland fylkeskommune - Seksjon for Forsking, In

Prosjektleiar:

Anne Sophie Schiller, a.schillinger@bergento.no

Sakshandsamar:

Siri Hanson,
tlf. 55239286, epost: siri.hanson@hfk.no

Samandrag:

I samarbeidet er det identifisert eit sett med for Hordaland viktige samfunns utfordringar som vi trur kan løysast best gjennom eit europeisk samarbeide som involverer bedrifter, akademia og offentleg forvaltning. Det er ei nasjonal forventning til det regionale virkemiddelapparatet og kunnskapsaktørane at vi samla bidrar til å hente ut meir midlar frå Horisont 2020. Prosjektet skal bidra til dette.

Prosjektet er eit innleiande arbeide for å identifisere interessentar og samarbeidspartnarar innan akademia, bedrifter og offentleg forvaltning med sikte på å bygge eller styrke eksisterande søkjarkonsortium inn mot prioriterte tema i Hordaland og konkrete utlysingar i Horisont 2020/EU sine rammeprogram.

Tilsegnsdato: 04.07.2016

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-1: (FUV 2016) Meir entreprenørskap og innovasjon

Innsatsområde: 1.3 B-1: Internasjonalisering

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Kvinner i Kuling

Tilsegn-095-2016

Ei av utfordringane i maritim bransje er å skaffe nok, og rett, kompetanse for framtida. Særleg kvinner utgjer ei for lite nytta arbeidskraftsressurs i maritim næring, og desse trengs for å sikre kompetansenivået.

Totale prosjektkostnader: kr 120 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Bergen Børsfond:	kr 10 000
Bergen kommune:	kr 40 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 40 000
Sprinbrettet:	kr 20 000
Stiftelsen Neptun:	kr 10 000

Prosjektstart: 01.04.2016.

Prosjektslutt: 30.10.2016.

Prosjekteigar:

Stiftelsen Maritimt Forum Bergensregionen

Prosjektleder:

Line Andersen, -

Sakshandsamar:

Inge Døskeland,
tlf. +47-55239315, epost: inge.doskeland@hfk.no

Samandrag:

Gjennom «Kvinner i kuling» skal næringa gjerast meir synleg som ein attraktiv og spennande karriereveg for kvinnelege studenter frå dei ulike utdanningsinstitusjonane i Bergen.

Tilsegnsdato: 23.09.2016

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-2: (FUV 2016) Relevant kompetanse

Innsatsområde: 4.2 B-4: Maritime næringar

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Planlegging og gjennomføring av HUSS-konf 16

Tilsegn-087-2016

HSS konferansen ble første gang arrangert i 2005 og har siden gått på rundgang mellom høgskolene. Siden den gang har den norske universitets- og høyskolesektoren gjennomgått store endringer.

Totale prosjektkostnader: kr 1 999 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Annan finansiering:	kr 175 000
Deltakeravgift inkl stud:	kr 340 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 75 000
HiB egenandel:	kr 409 000
Innovasjon Norge:	kr 500 000
NFR:	kr 500 000

Prosjektstart: 01.01.2016.

Prosjektslutt: 30.09.2016.

Prosjekteigar:

Høgskolen i Bergen

Prosjektleder:

Jens Kristian Fosse, jens.kristian.fosse@hib.no

Sakshandsamar:

Siri Hanson,
tlf. 55239286, epost: siri.hanson@hfk.no

Samandrag:

HSS konferansen ble første gang arrangert i 2005 og har siden gått på rundgang mellom høgskolene. Siden den gang har den norske universitets- og høyskolesektoren gjennomgått store endringer. Per 2015 hadde 5 høgskoler blitt universitet, og fra 1. januar ble det ble åtte færre statlige høgskoler i Norge. Sju av dem blir del av et universitet, mens én ny høgskole oppstår ved at to slår seg sammen. Og, flere fusjoner er på gang. Dette betyr at det ikke lenger er noen mening i kun å ha høgskoler som aktører og målgruppe for konferansen. Høgskolen i Bergen vil derfor inkludere hele UH-sektoren i denne konferansetradisjonen og fra nå av arrangere HUSS-konferanser.

Tidligere konferanser har samlet mellom 100 og 300 deltakere. På HSS 2013 kom det 200. Når vi nå inkluderer universitetssektoren håper vi på å gjenreise HUSS-konferansen og nå 300 deltakere. Vi vil legge stor vekt på å utvikle et relevant og interessant program med attraktive keynote-speakers, samt å markedsføre konferansen bredt.

Tilsegnsdato: 28.06.2016

For admin (skal ikke slettast av sakshandsamar):

Ramme: FUV - (HNH)

Budsjett: B-2: (FUV 2016) Relevant kompetanse

Innsatsområde: 2.2 B-2: Høgare utdanning

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Forprosjekt Utdanningsval

Tilsegn-089-2016

Faget utdanningsval vart etablert som eige fag i ungdomsskulen hausten 2008. I Nordhordland var det på den tid etablert ein lokal læreplan for Nordhordland.

Totale prosjektkostnader: kr 100 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Eigeninnsats lærerar:	kr 30 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 50 000
Prosjektleiar eigeninnsats:	kr 20 000

Prosjektstart: 22.08.2016.

Prosjektslutt: 31.12.2016.

Prosjekteigar:

Nordhordland Handverk - og Industrilag

Prosjektleiar:

Vivian Kårbø, vk@nhil.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,
tlf. -, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Alle ungdomsskulane i Lindås kommune er med i ordning for hospitering i vidaregåande skule. Erfaringane viser elles at praktiseringa av faget framleis varierer og at det både kan vere personavhengig og avhengig av intern organisering på skulen.

Lindås kommune ynskjer å gjere eit felles initiativ ved SINE ungdomsskular for å gå gjennom undervisnings- og arbeidsmåtane i faget, og for å få til eit nærare og betre koordinert samarbeid med arbeidslivet i kommunen og i Nordhordlandsregionen.

Tilsegnsdato: 01.08.2016

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)

Budsjett: B-2: HNH Relevant kompetanse 2016

Innsatsområde: 2.1 B-2: Opplæring og utdanning

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Hardangerkonferansen 2016

Tilsegn-093-2016

Hardangerkonferansen 2016 er ei oppfølging frå føregåande år med fokus på framtida for Hardanger. Konferansen har frå 2005 vore eit samarbeid mellom Hardangerrådet iks, Sparebanken Vest, BKK og Hordaland fylkeskommune. I 2011 vart Reisemål Hardanger Fjord medarrangør i 2012 Hordaland Bondelag. Konferansen er lunsj til lunsj-konferanse.

Totale prosjektkostnader: kr 213 000

Finansieringsplan for prosjektet:

BKK:	kr 25 000
Eidfjord kommune:	kr 10 000
Hardangerrådet:	kr 20 000
HNH:	kr 100 000
Hordaland Bondelag:	kr 3 000
RHF:	kr 5 000
SpV:	kr 50 000

Prosjektstart: 01.02.2016.

Prosjektslutt: 31.01.2017.

Prosjekteigar:

Hardangerrådet iks

Prosjektleder:

Jostein Eitrheim, jostein@hardangerraadet.no

Sakshandsamar:

Heidi Bjønnes Larsen,

tlf. -, epost: heidi.bjonnes.larsen@hfk.no

Samandrag:

Tema 2005 Første konferanse i samband med Streif

Tema 2006 Hardanger 2030 -scenarier

Tema 2007 Saman for Hardanger si framtid

Tema 2008: Herre i eige hus.

Tema 2009: Hardanger som næringsregion

Tema 2010: Internasjonale Hardanger

Tema 2011: Nye Kommunikasjonar Rekruttering

Tema 2012: Kompetanse og rekruttering i Hardanger

Tema 2013: Nye Hardanger – fantasi eller framtidsherad

Tema 2014: Næringsutvikling i Hardanger – Rammvilkår og framtid

Tema 2015: Hardanger i vekst: Hardangerkvalitetane – vekstkraftige sentra

Tilsegnsdato: 08.08.2016

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)

Budsjett: B-3: HNH Sentral vekst og regionsenter 2016

Innsatsområde: 3.2 B-3: Regionsenter

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Landsbyttorg og sjøfront på Jondal ferjekai

Tilsegn-098-2016

Jondal kommune har over tid arbeidd med tettstadutvikling og oppgradering av Jondal sentrum. Miljøgata, byggjesteg 1 vart opna våren 2014.

Totale prosjektkostnader: kr 2 815 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 700 000
Jondal kommune:	kr 815 000
Nasjonal Turistveg:	kr 300 000
SSV:	kr 1 000 000

Prosjektstart: 01.08.2016.

Prosjektslutt: 01.05.2017.

Prosjekteigar:

Jondal kommune

Prosjektleder:

Sigbjørn Haugen, sigbjorn.haugen@jondal.kommune.no

Sakshandsamar:

Hans Inge Gloppen,
tlf. -, epost: hans.inge.gloppen@hfk.no

Samandrag:

Me har no i samarbeid med Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen utarbeidd planar for Landsbyttorg/sjøfront som eit delprosjekt av Jondal ferjekai, og vidareføring av dette arbeidet. Planane omhandlar og servicebygg for reisande, og areal for næringsetablering som t.d. bakeri/serveringsstad. Denne søknaden gjeld midlar til opparbeiding av Landsbyttorg og sjøfront.

Jondal sentrum er i tillegg til å vere trafikkknutepunkt/ferjekai, også ein av fem Nasjonalparklandsbyar i Norge, del av Nasjonal turistveg, handelsstad, bygde og kommune senter. Kaien og sentrum er dermed opphaldstad for folk. Særleg i sommarsesongen er det mange gjester, ca 30 000, som besøker Folgefonna i løpet av sesongen. Trafikken over ferjesambandet Jondal-Tørvikbygd aukar jevnleg. Med times avgang ligg det også eit ekstra næringspotensiale her...

Det er og viktig at kaiområdet vert lagt til rette som ein møteplass med gode kvalitetar både for fastbuande og gjester og dermed auka attraktivitet og verdiskaping innan reiseliv og handel. Landsbyttorget skal og fungera som ein sals plass for lokalprodusert mat

Tilsegnsdato: 22.08.2016

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNH)

Budsjett: B-3: HNH Sentral vekst og regionsenter 2016

Innsatsområde: 3.2 B-3: Regionsenter

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Utviklingsprogram for Husnes som Regionsenter

Tilsegn-079-2016

Utviklinga av Husnes som senter starta med etableringa av SØRAL tidleg på 60-talet. I tida etter har Husnes gradvis utvikla seg til den største tettstaden i kommunen, og med omland bur mest halvparten av innbyggjarane her.

Totale prosjektkostnader: kr 500 000

Finansieringsplan for prosjektet:

Eigne løyvingar:	kr 300 000
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 200 000

Prosjektstart: 18.08.2016.

Prosjektslutt: 22.06.2017.

Prosjekteigar:

Kvinnherad kommune

Prosjektleiar:

Kjartan Thoresen, kjartan.thoresen@kvinnherad.kommune.no

Sakshandsamar:

Kari Patricia Kleppe,
tlf. 55239568, epost: kari.patricia.kleppe@hfk.no

Samandrag:

Husnes sin vekst har medført markeringsbehov i andre bygder i Kvinnherad, kanskje mest i Rosendal som tradisjonelt har vore administrasjonsstad og hovedsokn. Etter kvart fekk vi omgrepet "ytre og indre luten", noko som har gjeve seg forskjellige utslag td ekskluderande listeaksjonar i samband med val. I 1972 vedtok Kvinnherad kommunestyre at Husnes skulle vera senter for utdanning, handel og idrett medan Rosendal skulle vera administrasjonssenter og senter for kultur og natur. Dette dempa "striden" noko, men det medførte også nøye overvaking av grensesnitta mellom desse funksjonane.

I dag veit vi at vekst i distrikta er avhengig av eit sterkt senter, og i Kvinnherad er det etter kvart politisk semje og påfølgjande vedtak om at det er Husnes som skal ha denne funksjonen.

Fylkestinget sitt vedtak av 10.12.2014 stadfesta denne funksjonen regionalt, og initierte dette prosjektet

Tilsegnsdato: 09.12.2015

For admin (skal ikkje slettast av sakshandsamar):

Ramme: 551.60 - Handlingsprogram for Hordaland (HNN)

Budsjett: B-3: HNN Sentral vekst og regionsenter 2016

Innsatsområde: 3.2 B-3: Regionsenter

Støtteordning: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Ny struktur i Mediefondet Zefyr AS (tidl.FUZZ AS)

Tilsegn-094-2016

Konsolidering av Filmfondet Fuzz og Filmkraft Fond er en direkte følge av Stortingsmelding 30 «En framtidig filmpolitikk», vedtatt av Stortinget 01.12.2015 der en la vekt på at en ønske færre og sterkere filmregioner fra eksisterende 6, redusert til 2-3.

Totale prosjektkostnader: kr 14 112 005

Finansieringsplan for prosjektet:

Andre inntekter provisjon etc.:	kr 1 046 875
Aust-og Vest-Agder, Telemark, Kristiansand og Aren:	kr 1 437 750
Bergen kommune:	kr 1 905 795
Finansinntekter:	kr 56 833
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland:	kr 1 822 500
Møre og Romsdal fylkeskommune:	kr 892 000
Rogaland fylkeskommune:	kr 2 592 500
Sogn og Fjordane fylkeskommune:	kr 405 000
Statstilskudd Kulturdepartementet:	kr 19 569 600

Prosjektstart: 01.07.2016.

Prosjektslutt: 31.12.2016.

Prosjekteigar:

Mediefondet Zefyr AS

Prosjektleder:

Lars Leegaard Marøy, lars@fuzz.no

Sakshandsamar:

Kari Patricia Kleppe,
tlf. 55239568, epost: kari.patricia.kleppe@hfk.no

Samandrag:

Den samlede totalvurdering er naturligvis en refleksjon av de tre kriterier, der er blitt behandlet herover. Men samtidig har det vært mulig å ta med andre forhold som ikke er vurdert i klima, brann- og tyverisikring. Forhold som adkomst, arbeidsmiljøhensyn, bygningsmassen, biologisk nedbryting og andet. Derfor er tallene her også litt mer negative. Kun 16 % av de besøkte lokaliteter vurderes som akseptable for permanent oppbevaring av

museumsgjenstander. De resterende 84 % er enten dårligt eller svært dårligt egnet til denne oppgave, som forholdene ser ut i dag.

Det oppmålte arealbehov kan anskueliggjøres i et søylediagram (se herunder).



Bemerk at dette er «rå» tall, altså den første umiddelbare oppsummering av de utførte observasjoner. Tallene herover sier derfor ikke noe direkte om størrelsen på det eller de lokaler man kunne ønske sig at flytte gjenstandene til. For å få et inntrykk av det dagsaktuelle behov er det nødvendig å se på det undersøkte areal, sammenholdt med eksisterende systemer til utnyttelse av plassen (kompaktreoler o.a.). Hvis man summerer tallene ovenfor (for sammenliknings skyld konverterer vi hyllemeter til m²) får man 8218,11 m². Til sammenlikning har vi i denne undersøkelse

besøkt 8324 m² magasin. Dette er en forskjell på 105,89 m² eller 1,28 %. Tidligere undersøkelser har påvist samme tendens i magasiner med vanlige reolsystemer, dog endres dette forhold ved mere utstrakt bruk av kompaktreoler.

Diskusjon og konklusjon:

Resultatet av denne undersøkelse kan virke nedslående – 8300 m² av museenes magasiner er ikke tilfredsstillende eller dårlige. Dette resultat er dog ikke overraskende, idet vi jo nettopp ville kartlegge de dårligste og mest uønskede magasinlokaler.

De innsamlede tall på arealbehov avspeiler en bred spredning av gjenstandsmaterialer og – typer. Der er oppmålt et behov for nesten 2000 m² gulvplass, fortrinnsvis til store og/eller tunge gjenstander.

Magasinet i Salhus holder på å bli fylt opp. Politisk er der signaler om at man også ønsker fellesløsninger fremover i tid. Det forutsetter et nytt fellesanlegg. Der er i dag et helt konkret behov for omkring 8300 m² nytt Fellesmagasin. Dette tal tager ikke høyde for fremtidig innsamling, så avhengig av hvordan man skal vurdere museenes innsamlingspolitikk bør man sannsynligvis legge en del m² til det endelige areal. I tillegg bør der beregnes ekstra areal til støtte- og servicefunksjoner. Dette bør utredes nærmere.

Takk:

En stor takk til alle de som tok imot oss ved museene, som var hjelpsomme, imøtekommende og dypt engasjerte i arbeidet med vor felles kulturarv. Takk for informasjon, historier og anekdoter.

Litteraturliste:

Se hovedrapporten «Nytt Fellesmagasin for museene i Hordaland 2016» for litteratur og henvisninger.

Salhus, 17.10.2016

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Orientering om utviding og utvikling av Bevaringstenestene, Museumssenteret i Hordaland

Bevaringstenestene, Museumssenteret i Hordaland er ei felles konserveringsteneste for alle dei ti konsoliderte musea i Hordaland, og har ansvaret for den daglege drifta av fellesmagasinet. Avdelinga tilbyr konservering av mellom anna tekstilar, møblar, glas, keramikk, metall, skinn, tre og bein. Innan tekstilkonservering har Bevaringstenestene det best utstyrte atelieret i landet, og tek betalte oppdrag for mellom anna Slottet, Regjering, kyrkjer og private.

For å kunne dekke musea sine totale behov innan konservering er det ønskjeleg å sjå på moglegheita for å utvide fagkompetansen ved Bevaringstenestene slik at musea også kan få konservert maleri og papir. Initiativet til å utvide tilbodet ved Bevaringstenestene kjem frå KODE etter at museet la ned si eiga konserveringsavdeling. Dei ønskjer no å kjøpe tenester innan papir- og malerikonservering hjå Bevaringstenestene, som ei utviding av den avtalen dei alt har inngått med oss. KODE har den største samlinga av kunst og kunst på papir av musea i Hordaland.

Brukarforum for Bevaringstenestene gav i møte den 28. september 2016 sin tilslutnad til at Bevaringstenestene greier ut ei utviding av fellestenestene til òg å omfatte konservering av maleri og kunst på papir.

Målsetjing

Det er ønskjeleg med ei permanent utviding og styrking av Bevaringstenestene. Det er difor naudsynt med eit prosjekt som undersøker dei ti konsoliderte musea i Hordaland sitt totale behov for konservering av alle materialtypar, inkludert maleri og kunst på papir.

Det må kartleggjast kva type lokale som er naudsynt og kva utsyr som må kjøpast inn for å kunne konservere maleri og papir.

Ei utviding av Bevaringstenestene må sjåast i samanheng med planlegginga av nytt fellesmagasin. Det er mogleg å etablere nye atelier for konservering av maleri og papir i samband med det nye magasinet. Ei anna løysning er å etablere konserveringsatelier i noverande magasinareal i Salhus, dersom gjenstandane vert flytta til eit nytt magasin. Dette må greiast ut i eit forprosjekt.

Bevaringstenestene ønskjer å tilsette ein prosjektleiar som kan tilstandsvurdere musea i Hordaland sine samlingar av maleri- og kunst på papir, sjå på behovet for konservering og førebyggjande konservering, samt greie ut kostnadane til naudsynt utstyr og arealbehov. Det skal og testast ut ein modell kor musea får tilbod om direkte konservering.

Forslaget om utviding av Bevaringstenestene er i tråd med handlingsplanen for musea i Premiss: Kultur 2015 - 2025.

Kortsiktig løysning

Som ei mellombels løysning har KODE og Bevaringstenestene fått malerikonservatorane Marie-Louise Lorentzen og Marie Von Möller til å sjå på moglegheita for å etablere konserveringsatelier i dei lokala som allereie finst ved KODE og Bevaringstenestene (sjå vedlegg).

Forstudiet tilrår at atelieret på KODE vert oppgradert slik at dei kan nyttast til konservering av maleri, og at det vert etablert eit atelier for konservering av kunst på papir ved Bevaringstenestene i Salhus.

KODE har eit atelier ved KODE 2 med eit areal på 313 m², med plass til tre malerikonservatorar. Atelieret treng ei oppgradering, og KODE har kostnadsrekna dette til 160.000 kroner.

Tiltak	Beskrivelse	Kostnad
Oppgradering av arbeidslys	To nye LED-lamper	20.000
Oppgradering av punktavsug	To stk. fleksibel hevarm og større hette	40.000
Service på 3 mikroskop	Bytte lyskilde til LED. Oppgradere kamera	15.000
Nytt avsug fra fernisseringsrom	Installere nye ventilasjonskomponenter	40.000
Skap til midlertidig avstilling	Plass på atelieret til verk under behandling	20.000
Mindre utstyr	Møbler og småelektrisk	25.000
Sum		160.000

Salhusvegen 201
5107 Salhus

bevaringstenestene@muho.no
www.muho.no

Telefon: 55 25 10 87 /
909 20 987

Org. nr.: 971 349 743
Konto nr.: 3625.19.69684



Årets museum 2007

Det må utarbeidast ein avtale mellom KODE og Bevaringstenestene om leige av atelierer ved KODE som sikrar at desse også kan nyttast til konservering av maleri frå dei andre musea i Hordaland. Berekna ut i frå Bergen kommune sin leigesats for museumsbygg vil det i fylgje KODE koste 409.900 kr per år å leige konserveringsatelierer ved KODE 2.

Kostnadene for å etablere eit atelier for konservering av kunst på papir i Salhus er enno ikkje utgreia. Det må og utgreiast om det er mogleg å gjere det i dei same lokala kor det vert konservert metall, tre, skinn og glas.

Avtale og drøftingar mellom KODE og Bevaringstenestene

Bevaringstenestene signerte ein 3 årig avtale med KODE om årlege kjøp av tenester gjeldande frå 01.01.2016 innanfor dei materialgruppene som Bevaringstenestene har kompetanse på i dag. Det er no forhandlingar om utviding av denne avtalen.

Utprøving av modell

For å greia ut musea i Hordaland sine behov for konservering, ønskjer vi i 2017 å kartlegge musea i Hordaland sine samlingar av maleri og gjenstandar med malte flater som til dømes interiør, kister, skåp og anna hugseråd. Vi vil så teste ut ein modell kor alle musea får tilbod om konservering av maleri slik at vi får erfart behovet for ein malerikonservator ved alle dei konsoliderte musea i fylket.

Det er ønskjeleg å tilsette ein malerikonservator i 2017 som arbeider inntil 70% av tida på oppdrag for KODE, medan resten av tida kan nyttas til å arbeid for å kartlegge behovet og konservering av maleri for alle musea.

I 2018 kan musea sine samlingar av papir og kunst på papir kartleggjast og kostnadane til etablering av atelier for konservering greiast ut. Dette kan skje i samarbeid med Bergen Byarkiv. Det må og arbeidast med finansiering av ei heil stilling som papirkonservator.

I 2019 ønskjer vi å teste ut ein modell kor musea i Hordaland får tilbod om konservering og preventiv konservering av papir og kunst på papir inntil 30 % stilling.

Salhusvegen 201
5107 Salhus

bevaringstenestene@muho.no
www.muho.no

Telefon: 55 25 10 87 /
909 20 987

Org. nr.: 971 349 743
Konto nr.: 3625.19.69684



Årets museum 2007

Framdrifts- og finansieringsplan:

2017	Kartlegge musea sine samlingar av maleri og gjenstandar med malte flater som til dømes interiør, kister, skåp og anna husgeråd.	Finansiering: Museumsplanmidlar: 240 000 kr
	Greie ut kostnadene til naudsynt utstyr og areal i eit nytt fellesmagasin eller i Salhus.	100 000 kr
	Klargjering av ateliera ved KODE 2. Starte opp med direkte konservering av maleri for musea i Hordaland. Ei evt. husleige kjem i tillegg.	160 000 kr
	Teste ut ein modell kor musea i Hordaland får tilbod om konservering og førebyggjande konservering av maleri inntil 30 % stilling.	300 000 kr
		SUM: 800 000 kr
2018	Greie ut kostnadene til naudsynt utstyr og areal til ein papirkonservator. Innleie ein dialog med Bergen Byarkiv om dette. Kartlegge musea sine samlingar av papir og kunst på papir. Arbeide med finansiering av ei stilling som papirkonservator.	SUM: 500 000 kr
2019	Teste ut ein modell kor musea i Hordaland får tilbod om konservering og førebyggjande førebyggjande konservering av papir og kunst på papir inntil 30 % stilling.	SUM: 500 000

Salhus 12.10.2016

Torunn Kojan Bøe

Atle Ove Martinussen

Avdelingsleiar (konstituert)

Direktør

Bevaringstenestene,

Salhusvegen 201
5107 Salhus

Telefon: 55 25 10 87 /
909 20 987

bevaringstenestene@muho.no
www.muho.no

Org. nr.: 971 349 743
Konto nr.: 3625.19.69684



Årets museum 2007

Museumssenteret i Hordaland

Museumssenteret i Hordaland

Salhusvegen 201
5107 Salhus

bevaringstenestene@muho.no
www.muho.no

Telefon: 55 25 10 87 /
909 20 987

Org. nr.: 971 349 743
Konto nr.: 3625.19.69684



Årets museum 2007



Arkivnr: 2016/5105-16
Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, David Aasen Sandved

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	145/16	08.11.2016

Brannsikring i musea. Omfordeling av midlar

Samandrag

Saka er ei oppfølging av sak 133/2016 *Tilskotsordninga Museumsløft 2016. Fordeling av midlar*, handsama i Utval for Kultur, idrett og regional utvikling 12. oktober i år. Prosjektet «Museumsløft» fekk tildelt 300 000 kr. Bymuseet i Bergen er hovudsøkjar, men prosjektet er felles for fleire museum, og tiltaka som heilskap skal kome dei konsoliderte musea til nytte. I fase 1 har ein kartlagt vedlikehaldsbehov og utvikla metode for datainnsamling. Søknaden som vart handsama på møtet i oktober, representerer hovudprosjektet og såleis trinn to i eit omfattande kartleggingsarbeid av investerings- og vedlikehaldsbehov ved dei konsoliderte musea i Hordaland. Hovudprosjektet som heilskap har ei kostnadsramme på 665 000 kr. I sin vurdering av søknaden, ga Fylkesrådmannen mellom anna følgjande grunngjeving:

Dette vil også vere eit prosjekt som kan synleggjere det arbeidet som er gjort innan brannsikring og dei behov som er med omsyn til sikringstiltak. Hordaland fylkeskommune har gjennom fleire år vore ein viktig bidragsytar til musea sitt sikringsarbeid. Fylkesrådmannen vil derfor i eiga sak til KIRU i november foreslå at eksisterande budsjettmidlar til brannsikring (til saman 400 000 kr for 2015/2016) også vert del av finansieringa til prosjektet «Museumsløft».

Fylkesrådmannen foreslår i denne saka at brannsikringsmidlar på budsjettpost 400.620 brannsikring – 200 000 kr overført frå 2015 og 200 000 kr for 2016, til saman 400 000 kr, inngår i prosjektet «Museumsløft», administrert gjennom Bymuseet i Bergen.

Forslag til vedtak

1.	Utval for Kultur, idrett og regional utvikling støttar forslaget om at midlar til brannsikring, budsjettpost 400.620, til saman 400 000 kroner for 2015 og 2016, inngår i prosjektet <i>Museumsløft</i> administrert av Bymuseet i Bergen.
2.	Midlane skal gå til kartlegging av eksisterande brannsikringstiltak i musea sine frede bygningar og dei kulturhistoriske bygningssamlingane, for på den måten å synleggjere status og framtidig ressursbehov med omsyn til slike sikringstiltak.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør, kultur, idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 19.10.2016

Saka er ei oppfølging av sak 133/2016 *Tilskotsordninga Museumsløft 2016. Fordeling av midlar, handsama i Utval for Kultur, idrett og regional utvikling* 12. oktober i år. Prosjektet «Museumsløft» fekk tildelt 300 000 kr. Bymuseet i Bergen er hovudsøkjjar, men prosjektet er felles for fleire museum, og tiltaka som heilskap skal kome dei konsoliderte musea til nytte. I fase 1 har ein kartlagt vedlikehaldsbehov og utvikla metode for datainnsamling. Søknaden som vart handsama på møtet i oktober, representerer hovudprosjektet og såleis trinn to i eit omfattande kartleggingsarbeid av investerings- og vedlikehaldsbehov ved dei konsoliderte musea i Hordaland. Hovudprosjektet som heilskap har ei kostnadsramme på 665 000 kr. I sin vurdering av søknaden, ga Fylkesrådmannen mellom anna følgjande grunngjeving:

«Dette vil også vere eit prosjekt som kan synleggjere det arbeidet som er gjort innan brannsikring og dei behov som er med omsyn til sikringstiltak. Hordaland fylkeskommune har gjennom fleire år vore ein viktig bidragsytar til musea sitt sikringsarbeid. Fylkesrådmannen vil derfor i eiga sak til KIRU i november foreslå at eksisterande budsjettmidlar til brannsikring (til saman 400 000 kr for 2015/2016) også vert del av finansieringa til prosjektet «Museumsløft».

Hordaland fylkeskommune har gjennom fleire år hatt ei satsing på brannsikring av freda bygningar og dei kulturhistoriske bygningsamlingane ved musea. Det er viktig at det no kjem på plass ein heilskapleg oversikt over kor langt ein er komen i dette arbeidet, med vekt på kvalitet, omfang og kva som står att. Oversikta må vise sikringsstatus for musea sine freda bygningar (opphavleg plassering) og bygningsamlingane (kulturhistoriske bygningar som er flytta). Dermed vil ein også få oversikt over framtidig behov, noko som gir grunnlag for ei meir føreseieleg forvaltning og planlegging av moglege satsingsområde i høve museumssektoren. Utgreiinga bør lage eit framlegg til tiltaksplan med prioriteringar.

Budsjettpost 400.620 brannsikring, har sin bakgrunn i søknad om brannsikring i Agatunet (Hardanger og Voss museum). Søknaden frå 2006 gjaldt til saman 1 mill. kroner fordelt over fire år. I tillegg til brannsikringsmidlar over budsjettpost 400.620, har ein gjennom museumsplanmidlar i 2012 (sak 126/12 i Fylkesutvalet 21. november) og i 2013 (sak 64/2013 i Kultur- og ressursutvalet 4. juni) også løyvd til sikringstiltak ved musea, inkludert brannsikring.

Det å ta vare på kulturhistoriske bygg som musea har gjennom gode brannsikringstiltak, er ei viktig samfunnsoppgåve. Slik fylkesrådmannen ser det, er det heilt i tråd med innhald og mål for hovudprosjektet «Museumsløft» at sikringstiltak vert omfatta av kartleggingsarbeidet. Dokumentasjonen vil vere grunnlag for planlegging av investeringsbehov både for forvaltning og kulturinstitusjonane.

Fylkesrådmannen forslår såleis i denne saka at brannsikringsmidlar på budsjettpost 400.620 brannsikring – 200 000 kr for 2015 og 200 000 kr for 2016, inngår i prosjektet «Museumsløft», administrert gjennom Bymuseet i Bergen.



Arkivnr: 2014/11640-84

Saksbehandlar: Tor Andreas Titlestad, David Aasen Sandved

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	146/16	08.11.2016

Løyving av midlar til slutføring av prosjektet "Reisemål i industriens vogge"

Samandrag

Saka gjeld bruk av løyvde midlar og fordeling av fondsmidlar til slutføring av prosjekt for kulturminnevern og verdiskaping.

Hordaland fylkeskommune har saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune i perioden 2013-2016 løyvd midlar til prosjektet «Reisemål i industriens vogge», drive av aktørar i dei to fylka. Prosjektet var deltakar i det statlege programmet for verdiskapande kulturminnevern. I 2016 vart statsmidlane til dette feltet strokne frå statsbudsjettet, men prosjektet vart lengja av Riksantikvaren til og med første halvår 2016.

Ved prosjektslutt stod det att noko arbeid:

- Ferdigstilling av felles nettstad/presentasjonsarena for industristadane
- Drøftingar med dei samarbeidande destinasjonsselskapa korleis dei kan marknadsføre industristadane som reisemål
- Kartleggje om aktørane vil gå vidare og etablere eit bedriftsnettverk under Innovasjon Norge sin ordning «Innovative bedriftsnettverk»
- Oppfølging av aktørane i høve til innmelding i ERIH-nettverket (European Route of Industrial Heritage - www.erih.net)

Jf saksutgreiinga har prosjektet oppnådd gode resultat. Dette viser mellom anna gjennom ny merksemd om dei ulike stadene, auka salsinntekter ved destinasjonane (t.d. Dale of Norway) og i mange fine tilbakemeldingar frå turoperatørar i inn og utland. Vidareføringa av prosjektet har som mål å slutføre punkta over slik at dei fulle effektane av prosjektet kan syne seg. Prosjektet vil forlengast inntil eitt år.

På prosjektkonto for Reisemål i industriens vogge i HFK står kr. 171.135 i ubrukte midlar. Dette summen er løyvingar frå Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar i tillegg til statsmidlar. Sogn og Fjordane fylkeskommune har sagt seg samd i at deira midlar går inn i ei vidareføring av prosjektet, sjå vedlegg til saka. I tillegg står det inne kr 99.000 i bundne fond øyremerkt verdiskaping og kulturminnevern som vert føreslege løyvd til prosjektet. Dette utgjer til saman kr 270.135.

Forslag til vedtak:

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til målet om slutføring av prosjektet Reisemål i industriens vogge og løyver kr 270.135. Løyvinga vert dekt av restmidlar på prosjektkonto (kr. 171.500) og frå bunde fond for verdiskapingsprosjekt (kr 99.000), til saman kr 270.135.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.10.2016

Bakgrunn for saka

Prosjektet *Reisemål i industriens vogge* har frå 2013 til 2016 vore del av det nasjonale verdiskapingsprogrammet på kulturminneområdet. Riksantikvaren har løyvd statlege midlar og fylkeskommunane har ytt regional medfinansiering. I 2016 vart statsmidlane til dette feltet strokne frå statsbudsjettet, men prosjektet vart lengja av Riksantikvaren til og med første halvår 2016 for å levere sluttrapportering. Saka gjeld slutføring av prosjektet.

Fase 1: Satsing på kulturminnevern og verdiskaping 2006-2010

Kulturminne og kulturmiljø er i aukande grad sett som ressursar for lokal samfunnsutvikling og verdiskaping. Med grunnlag i St.meld. nr. 16 (2004–2005) *Leve med kulturminner* sette Miljøverndepartementet og Riksantikvaren i verk ei nasjonal programsatsing i 2006. Programmet hadde følgjande mål, jf. Riksantikvaren:

1. *Bidra til at kulturminner og kulturmiljøer blir tatt i bruk i utviklingen av lokalsamfunn og næringsliv.*
2. *Utvikle modeller for samarbeid mellom eiere, rettighetshavere, næringslivet, offentlige aktører, museer og frivillige organisasjoner.*
3. *Spre kunnskap om hvordan en bærekraftig bruk av kulturminner og kulturmiljøer fremmer næringsutvikling og styrker lokalsamfunn og regioner.*
4. *Klargjøre hvilke forutsetninger som må være til stede, og avdekke eventuelle flaskehalsar som må fjernes, for å fremme verdiskaping.»*

I 2006 vart 12 nasjonale pilotprosjekt valde ut etter ein prosess der fylkeskommunane hadde mobilisert kommunar, organisasjonsliv, museum og friviljuge. Etter vurdering av mange søkjarar vedtok Fylkesutvalet i sak 118/06 at Hordaland skulle ta del i programmet med eitt verdiskapingsprosjekt, *Perler i Nordsjøløypa* i Fjell, Sund og Øygarden kommunar. I handsaminga si vedtok Riksantikvaren at samarbeidsprosjektet mellom Norsk vasskraft- og industristadmuseum og Odda kommune, *Oddaprosessen*, også skulle vere del av det nasjonale programmet. 2 av dei 12 pilotprosjekta var dermed i Hordaland: *Oddaprosessen* og *Perler i Nordsjøløypa*. Prosjekta vart avslutta i 2010. For utfyllande informasjon og rapportering, sjå www.riksantikvaren.no.

Deltaking i programmet hadde vilkår om økonomisk og fagleg medverknad frå regionale styresmakter. I prosjektperioden 2006-2010 vart vilkåret komme i møte gjennom løyvingar i fylkesutvalet, td ved deling av konsesjonskraftmidlar. Hordaland fylkeskommune vart dermed ein monaleg bidragsytar til dei to pilotprosjekta. Ein del av midlane til øvrige prosjekt vart likevel ikkje nytta sidan prosjekta ikkje fekk statleg medfinansiering, og dei vart heller ikkje sette i gong. Midlane vart førte over til bunde driftsfond, og øyremerkte Verdiskapingsprogrammet. Fondet er p.t. på kr 99.000 etter at Kultur- og ressursutvalet i sak PS 55 /2014 løyvde kr 200.000,- til prosjektet *Den kulturelle fjorden*. I denne saka gjer fylkesrådmannen framlegg om å fordele resten av midlane.

Fase 2: Vidareført arbeid med kulturminnevern og verdiskaping i Hordaland frå 2012

Gode erfaringar gjorde at det vart løyvd midlar på statsbudsjettet frå og med 2012 til vidareføring av det nasjonale programmet. Det var eit mål å kople saman verdiskapande kulturminnevern med anna regionalt utviklingsarbeid. Fylkeskommunane fekk slik ei sentral rolle.

I Hordaland fylkeskommune har kulturminnevern og verdiskaping ikkje vore etablert som ordning på budsjettet, og ikkje gjeve grunnlag for eigne søknadsprosessar og mobilisering av nye prosjekt. Fylkeskommunen og kommunane sitt samla verkemiddelapparatet har likevel bidrege til å støtte og utvikle mange slike tiltak frå 2012. Jf. brev til Riksantikvaren 4. februar 2013: «*Dei prosjekta Hordaland fylkeskommune vel å leggje fram med vurdering til Riksantikvaren, er prosjekt som har vore handsama og fått tilsegn gjennom Regionalt Utviklingsprogram (RUP), Kulturelt*

Utviklingsprogram (KUP) og som har fått kommunale tilsegn. Alle prosjekta er difor kvalitetssikra og forankra i høve til desse ordningane.» I brev dagsett 12.11.2012 inviterte Riksantikvaren på ny til å søkje om statleg støtte til verdiskapingsprosjekt. I brev frå Hordaland fylkeskommune dagsett 4.2.2013, vart følgjande prosjekt lagt fram til vurdering:

1. *Reisemål i industriens vogge* (RUP-støtte, prosjektleiar Stongfjorden Vekst)
2. *Den kulturelle fjorden* (RUP-støtte, prosjektleiar Hardanger og Voss museum)
3. *Bergen nasjonale veteranskipshamn* (KUP- støtte, prosjektleiar Bergen kommune)
4. *Kystpilegrimsleia* (støtta frå Kultur og ressursutvalet sin rådveldekonto, prosjektleiar Sogn og Fjordane fylkeskommune).

Reisemål i industriens vugge, Den kulturelle fjorden og Kystpilegrimsleia fekk statlege løyvingar frå Riksantikvaren i 2013 og vart sette i gong i løpet av året.

Kulturminnevern og verdiskaping i 2014

6.12.2013 lyste Riksantikvaren ut statsmidlar for vidareføring av verdiskapingsprogrammet i 2014, med høve om å søkje støtte til vidareføring av oppstarta prosjekt. I brev dagsett 10.02.2014 gjorde Hordaland fylkeskommune same utval og prioritering av prosjekt som i 2013. Jf. tilsegnsbrev frå Riksantikvaren som vedtok følgjande fordeling av statlege midlar i 2014:

- | | |
|---|--------------|
| 1. <i>Reisemål i industriens vogge</i> | kr 465.000,- |
| 2. <i>Den kulturelle fjorden</i> | kr 150.000,- |
| 3. <i>Bergen Nasjonale Veteranskipshamn</i> | avslag |
| 4. <i>Kystpilegrimsleia</i> | kr 350.000,- |

Om prosjektet «Reisemål i industriens vogge»

Prosjektskildring

Reisemål i industriens vogge er ei klynge av prosjekt samansett av industriverksemdar, museum og reiselivsaktørar på fleire av industristadene på Vestlandet. Jf prosjektsøknaden til Verdiskapingsprogrammet i 2015: «*Med utgangspunkt i museet i Tyssedal som ankerpunkt i nettverket European Route of Industrial Heritage (ERIH) jobber vi å bygge en reiserute med spennende destinasjoner som har en særegen industrihistorie i Hordaland og Sogn og Fjordane....Vi skal bruke industristedene sin unike historie og levende industri som attraksjon og verdiskaper for den lokale besøks/reiselivsnæringen...Prosjektet er et klyngeprosjekt/nettverk som både har til hensikt å utvikle hvert enkelt industristed som et attraktivt reisemål, men også gjennom samarbeid markedsføre alle industristedene som deltar, som et enhetlig konsept».* Prosjektleiar har vore Stongfjorden Vekst og følgjande industristadar og -miljø er med i prosjektet:

Rogaland:

- Industrierbeidermuseet / Åbø-byen (Sauda)

Hordaland:

- Norsk Vasskraft og Industristadsmuseum – Tyssedal (Odda)
- Hardanger fartøyvernssenter (Kvam)
- Dale of Norway (Dale)
- Norsk Trikotasjemuseum (Bergen)

Sogn og Fjordane:

- Industristadsmuseet og byporten (Høyanger)
- Norsk Kvernsteinsenter (Hyllestad)
- AS Helle fabrikk (Askvoll)
- Stongfjorden, Aluminiumsindustriens vugge (Askvoll)

- Bremanger, smelteverket i kommunesenteret (Bremanger)
- Fiskerimuseet i Måløy (Maløy)

Oppnådde resultat i prosjektet

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune sendte 17.10.2016 felles fråsegn til Riksantikvaren der progresjon og rapportering i prosjektet for perioden 2013 til 2016 vart gått gjennom (sjå vedlegg).

Prosjektet har oppnådd gode resultat innan følgjande område:

Kunnskapsutvikling:

Prosjektleiinga har i tett samarbeid med Innovasjon Norge hatt fleire samlingar med alle aktørane. Sentrale arbeidsområde har vore profesjonalisering av vertskapsrolla, utvikling av stadene som reiselivsaktørar (produktutvikling, sal, marknadsføring og «pakketering» av reiselivsprodukt).

Marknadsføring

I dialog med med dei einsskilte stadane er det gjort eit omfattande grunnlagsarbeid for presentasjon av industristadene, ma. I høve profilering og innsamling av relevant tekst og biletdokumentasjon. Prosjektet har samarbeidd med Norsk Kulturarv og Norges Automobilforbund for ei planlagt bokutgjeving med mål om å nå ut til eit breitt publikum.

Produktutvikling og sal:

Prosjektet har gjennomført visningsturar og brei dialog med reiselivsnæringa - Turoperatørane kjenner markedene og har best forståing av korleis produkta kan utviklast for sal. Destinasjonselskapane Reisemål Hardangerfjord, Visit Fjordkysten og Visit Sognefjord var involverte i førebuinga av visningsturane. Reisemål Hardangerfjord og Visit Fjordkysten deltok på turen i eigne geografiske område. Prosjektet har delteke på NCE Tourism - Fjord Norway si samling med «incomingoperatørar», vart presentert på ein speed-dating-sesjon med nye turoperatørar, og fleire av dei som stilte på visningstur i 2014. Etter visningsturane har både Norsk Trikotasjemuseum og Dale of Norway i Hordaland vidare kontakt med ulike turoperatørar.

Nye industrier og industristader:

I oktober/november 2015 vart det invitert til ei samling med nye industristadar. Både industristaden Vik og Åsnes Skifabrikk ønskjer no å delta. I Vik er det etablert ei lokal ressursgruppe og gjennomført testtur på deira reisemål. Vik kommune har vedteke å gå inn i prosjektet, samt å melde seg inn i nettverket ERIH (European Route of Industrial Heritage - www.erih.net).

Status ved avslutning av prosjektet.

Prosjektet skulle i høve planen avsluttast i 2016, men bortfall av løyvingar på statsbudsjettet har gjort sluttarbeidet krevjande. Med mange ulike aktørar har det vore utfordrande å koordinere alle tiltak i samsvar med opphavleg plan, og dermed vanskeleg å halde stram framdrift. Vidare fekk søknaden om felles følgjeforskningsprosjektet i høve økonomisk, miljømessig, sosial og kulturell verdiskaping til Innovasjon Norge (Arena-programmet) avslag av Riksantikvaren. Ein har dermed ikkje fått ei detaljert evaluering av dette og andre prosjekt sine effektar. Ved avslutninga er prosjektleiari Stongfjorden Vekst sitt engasjement avslutta, og det er trong for å rekruttere slik kompetanse.

Ved prosjektsslutt står det att nokre uløyste oppgåver og unytta prosjektmidlar:

- *Ferdigstilling av felles nettstad/presentasjonsarena for industristadane*
- *Sluttføre arbeid med dei samarbeidande destinasjonsselskapa korleis dei best kan marknadsføre industristadane som reisemål*

- *Kartleggje om aktørane vil gå vidare og etablere bedriftsnettverk under Innovasjon Norge si ordning «Innovative bedriftsnettverk»*
- *Oppfølging av aktørane i høve til innmelding i ERIH-nettverket (European Route of Industrial Heritage - www.erih.net)*

Omsyn til dei involverte verksemdene og slutføring av prosjektet.

Slik fylkesrådmannen vurderer det, vil ein gjennom slutføring av prosjektplanen for Reisemål i industriens vogge kunne løyse ut meir av det potensialet som ein i perioden 2013-2016 har lagt grunnlag for. Industriturisme er ein marknad i sterk vekst. Dette ser ein ikkje minst i den europeiske reiselivsmarknaden, til dømes i det tidlegare industriområdet i Ruhr i Tyskland. Prosjektet er også viktig for synleggjinga av opplevingskvaliteten i historiske og noverande industrimiljø på Vestlandet og vil slik ha effekt for stadutvikling.

Prosjektet har ei aktørorganisering. Det er tenleg å etablere dette som ei næringsklynge, og slutføringa skal gje grunnlag for evt opptak i Innovasjon Noreg si satsing «Innovative Bedriftsnettverk». Som næringsklynge vil aktørstadane også føye seg fint inn nokre av satsingane til Fjord Norge.

Når det gjeld økonomien vil lenging av prosjektperioden for slutføring finansierast med midlar som allereie er avsett til desse føremåla. Administrasjonane i Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar vurderer det difor som tenleg å følgje prosjektet noko vidare. Ettersom bedriftsnettverket ikkje er formalisert, og for rask avklaring, er det fornuftig at fylkeskommunane i fellesskap tek prosjekteigaransvar, mellom anna ved kjøp av prosjektleiarteneste. Det vert ikkje etablert vidare forpliktingar i prosjektet.

Skildring av slutføringa av prosjektet

1. Føremål

Slutføringa av «Reisemål i industriens vogge» skal gjennomføre planlagde tiltak slik at destinasjonane kan gå frå utviklingsarbeid til sal. Følgjande hovudtema inngår i prosjektet:

- Ferdigstilling av felles nettstad/presentasjonsarena for industristadane
- Samarbeid med destinasjonsselskapa om marknadsføring av industristadane som reisemål
- Koordinere aktørane og evt etablere bedriftsnettverk under Innovasjon Norge si ordning «Innovative bedriftsnettverk»
- Oppfølging av aktørane i høve til innmelding i ERIH – nettverket (European Route of Industrial Heritage - www.erih.net)

2. Ansvar:

Prosjekteigar: Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar

Prosjektleiing: kjøpt teneste


Arbeidsgruppe: Representantar frå aktørane i dei to fylka

3. Framdrift:

- Detaljere prosjektplan og budsjett (desember 2016)
- Kjøp av teneste (januar 2017):
Forenkla anbod på kjøp av prosjektleiing (kjøp under 500.000).
Anbudsutforminga/kravspesifikasjon vil. Prosjektleiing vil venteleg vere på plass i løpet av januar 2017.
- Gjennomføre prosjektplan (januar-desember 2017)

4. Finansiering:

Prosjektkonto (Riksantikvaren, HFK og SFK):	kr 171.135
Løyving frå bundne fond øyremerkt verdiskaping på kulturminne (HFK)	kr 99.000
Til saman:	kr 270.135



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Side 1 av 1

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:
Eva Moberg
E-post: eva.moberg@sfi.no
Tlf.: 90591452

Vår ref.
Sak nr.: 15/9035-6
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt
Internt Lnr.
35012/16
Dyktar ref.

Hordaland fylkeskommune

v/Fylkeskonservatoren
Postboks 7900

5020 BERGEN

Dato
LEIKANGER, 18.10.2016

Vidareføring av Reiseliv i industriens vogge

Viser til samarbeidsmøte i Bergen 13.10.16 og til brev frå Hordaland fylkeskommune til Riksantikvaren, datert 17.10.16, med rapportering for gjennomførte aktiviteter i prosjektet *Reiseliv i industriens vogge*.

Sogn og Fjordane fylkeskommune stadfestar med dette at vi, saman med Hordaland fylkeskommune, vil gå inn som prosjektleigar i eit prosjekt som bygger vidare på det arbeidet som er gjort i verdiskapingsprosjektet *Reiseliv i industriens vogge*.

I prosjektet vil følgjande tema inngå:

- Ferdigstilling av felles nettstad/presentasjonsarena for industristadene
- Drøftingar med samarbeidande destinasjonselskap om korleis dei kan marknadsføre industristadene som reisemål
- Kartlegging av om aktørane vil gå vidare og etablere eit bedriftsnettverk under Innovasjon Norge sin ordning «Innovative bedriftsnettverk»
- Oppfølging av aktørane i høve til innmelding i ERIH-nettverket.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt økonomiske bidrag i prosjektet er avgrensa til tidlegare løyving til verdiskapingsprosjektet *Reiseliv i industriens vogge*, som er innbetalt til Hordaland fylkeskommune sin prosjektkonto.

Med helsing

Eva Moberg
fylkeskonservator

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)
Hordaland fylkeskommune v/Fylkeskonservatoren Postboks 7900 5020 BERGEN

Kopi:
Arlen Bidne, SFFK
Ingebjørg Erikstad, SFFK
Tor Andreas Tillestad, HFK

Besøksadresse:
Kultur: Storøhagen 1B, Førde
Næring: Fylkesstuset, Leikanger

Postadresse:
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

E-post:
post@sfi.no
Heimside:
www.sfi.no

Telefon:
57638000

Bankgiro:
4212 02 02000
Org.nr.:
NO 941 388 841 MVA

RIKSANTIKVAREN
Postboks 8196 DEP
0034 OSLODato: 17.10.2016
Vår ref.: 2014/11640-83
Saksbehandlar: tortitt
Dykkar ref.:

Vedkomande rapportering for prosjektet «Reiseliv i industriens vogge»

Vi viser til inngående melding frå Riksantikvaren datert 29. september 2016.

Vår tilbakemelding her er eit resultat av samarbeidsmøte mellom Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar 13. september 2016 i Bergen. Prosjektleiar for RIIV har vore involvert i prosessen og har hatt høve til å kome med innspel.

I meldinga frå Riksantikvaren vert dette etterspurd:

Reiseliv i industriens vogge fikk forlenget prosjektperioden ut juni 2016 med frist for rapportering ut august samme år, men fremdeles savner vi sluttrapport for prosjektet, revisorbekreftet regnskap for 2016 og utfylt rapporteringsskjema for 2016.

Hordaland fylkeskommune har vore i kontakt med prosjektleiar som vil levere rapporteringsskjemaet for 2016. Med omsyn til rekneskapen, vil dette også verte levert, men vi bed om forståing for at det kan ta noko tid, ved at rekneskapsåret 2016 ikkje er avslutta.

Med omsyn til namn på deltakande turoperatørar på visningsturen mai/juni 2016, vil det verte ettersendt.

Vidare spør Riksantikvaren:

Det vi også savner i brevet fra fylkeskommunen er hvordan fylkeskommunen selv vurderer hva som er oppnådd i prosjektperioden. Hvilke resultater har de offentlige midlene bevilget fra Sogn og Fjordane fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren bidratt til? Hvordan vurderer fylkeskommunen mulighetene for videre resultatutvikling i virksomhetene som har vært med, etter at prosjektfasen er omme? Har prosjektet Reiseliv i industriens vugge hatt noen innvirkning på hvordan bedriftene har utviklet seg?

Vi vil i det følgjande gå inn på einsskilde av dei viktigaste vurderingane.

Marknadsføring

Det er gjort eit omfattande grunnlagsarbeid med å klargjere presentasjonar av dei ulike industristadane. Med grunnlagsarbeid vert meint å gå i dialog med dei ein skilde stadane om korleis dei ønskjer å presentere seg og samle relevant tekst og biletdokumentasjon. Det som står att er å formidle dette gjennom eigen nettstad, utvikle design og funksjonalitet på sida.

Prosjektet har vore i dialog med norsk Kulturarv og Norges Automobilforbund for å kome med i ei bokutgjeving som er på trappene neste år. Dette ser vi på som ein god måte å nå ut til eit breitt publikum.

Sal

Prosjektet har prioritert å gjennomføre visningsturar og vere i dialog med turoperatørar. Dette fordi at operatørane er dei som kjenner marknadene og som er best i stand til å forstå korleis produkta kan gjerast høveleg for sal.

Etter visningsturen har både Norsk Trikotasmuseum og Dale of Norway hatt direkte førespurnader frå turoperatørar som deltok på visningsturen 2014.

Vi har deltatt på NCE si samling med incomingoperatørar og gjennom ei speed-dating-sesjon fikk vi presentert oss for fleire nye turoperatørar, samt for nokre av dei som stilte på visningsturen 2014.

Vi ser at prosjektet har etablert kontakt med om lag 20 ulike turoperatørar, og det vert no viktig å følgje opp dei med størst kjøpspotensiale og bearbeide desse vidare. Dette blir en svært sentral oppgåve for neste fase.

Destinasjonsselskapa Reisemål Hardangerfjord, Visit Fjordkysten og Visit Sognefjord var alle involvert i forkant av visningsturen, samt at Reisemål Hardangerfjord og Visit Fjordkysten deltok på turen i eige geografiske område.

Måling av verdiskapning

Det har vore kontakt med fleire forskingsmiljø med tanke på å finne gode modellar for måling av dei økonomiske verdiskapingseffektane som Riksantikvaren etterspør:

- Sintef Anvendt Økonomi
- Vestlandsforskning
- PWC
- Telemarksforskning

Det har vore gjeve følgjande tilbakemeldingar:

Vestlandsforskning:

Vestlandsforskning har gjeve tilbakemelding at de ikkje har eigna modellar/ikkje ser seg i stand til å ta på seg eit prosjekt basert på den status vårt prosjekt har p.t.

Sintef:

Sintef har gitt positive tilbakemeldingar og ønskjer å diskutere dette vidare.

PWC:

PWC har tidlegare laga ein modell for måling av økonomisk verdiskapning for arrangement (i samarbeid med Innovasjon Norge). Dei meiner denne modellen kan tilpassast vårt konsept (og andre verdiskapingsprosjekt).

Telemarksforsking:

Telemarksforsking har tidlegare arbeidd med tematikken «brei verdiskaping». I samarbeid med Telemarksforsking er det utarbeida ein prosjektplan for eit meir omfattande delprosjekt, som har til mål å utvikle ein modell for måling av «brei verdiskaping», dvs. verdiskaping innan områda:

- Økonomisk verdiskaping
- Miljømessig verdiskaping
- Sosial verdiskaping
- Kulturell verdiskaping

Nye industrier – Industristader

I oktober/november 2015 vart det sendt ut invitasjon til ei samling med potensielt nye industristader. Både industristaden Vik og Åsnes Skifabrikk ynskjer å delta frametter.

I Vik er arbeidet kome langt. Her er det etablert ei ressursgruppe og dei har gjennomført testtur på deira produkt. I tillegg har de vedtak om å inngå i Reiseliv i Industriens Vogge, samt melde seg inn i ERIH som individuell industristad.

Framtidig resultatutvikling i dei involverte verksemdene

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar ser at det ligg store mogelegheiter i å byggje vidare på det arbeidet som vore utført. Dette ønskjer vi no å gripe tak i. Som tidlegare gjort greie for (sjå brev datert 08.07.2016) står det att kr 171.135 på prosjektkonto. Desse midlane er matchingsmidlar frå fylkeskommunane og statsmidlar. I tillegg står det inne kr 99.000 i bundne fond i Hordaland fylkeskommune øyremerkt verdiskaping på kulturminne, såleis er det disponibelt til saman kr 270.135. Vi vil nytte desse i ei vidareføring i form av eit prosjekt som har som føremål å utløyse det salspotensialet som Reiseliv i industriens vogge har lagt grunnlaget for. Vi tek sikte på å auke desse midlane med ein søknad til Handlingsprogram for Næringsutvikling Hordaland (HNN) med kr.150.000.

Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar går inn som prosjekteigarar i det nye tiltaket, med atterhald om at dette vert godkjent politisk.

Følgjande hovudtema inngår i prosjektet:

- Ferdigstilling av felles nettstad/presentasjonsarena for industristadane
- Drøfte med dei samarbeidande destinasjonsselskapa korleis dei kan marknadsføre industristadane som reisemål
- Kartleggje om aktørane vil gå vidare og etablere eit bedriftsnettverk under Innovasjon Norge sin ordning «Innovative bedriftsnettverk»
- Oppfølging av aktørane i høve til innmelding i ERIH-nettverket

Vi vonar at desse opplysningane er dekkande for dei spørsmåla Riksantikvaren har stilt i høve til rapportering og framdrift i dette verdiskapingsprosjektet.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Tor Andreas Titlestad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Sogn og Fjordane fylkeskommune

PS 149/16 Ymse